



Brukarar
Kontaktpersonar i kommunane
Hjelpemiddelleverandørane
Firda vidaregåande skule, Hafstad vidaregåande skule.

Dykkar ref:

Vår ref: Asle Sande

Vår dato: 10.01.18

Nav Hjelpemiddelsentral og Sogn og Fjordane Skikrins inviterer til:

Temadag:

Aktivitetshjelpemiddel for barn og vaksne med funksjonsnedsetjing, vinter.

Tid og stad:

Onsdag 14. februar kl. 09.30/11.00 -15.00, Sunnfjord skisenter, Blomlia, Førde.

Målgruppe: Terapeutar, brukarar, foreldre, studentar og andre som treng kunnskap om og erfaring med aktivitetshjelpemiddel til bruk på snø for menneskje med funksjonshemming.

Temadagen er open for studentar/skuleklassar frå vidaregåande frå 09.30 – 11.00, og for andre frå kl. 11.00.

Mål: Auka kunnskap om aktivitetshjelpemiddel, slik at aktuelle brukarar i større grad skal få høve til deltaking og aktivitet ved bruk av rett hjelpemiddel. Auka kunnskap blant studentar om aktivitet for menneskje med funksjonshemming. Deltakarane skal ha positive opplevingar i samband med aktivitet på snø!

Innhald:

Kort om formidling av aktivitetshjelpemiddel og gjeldande lovverk.

Produktvising ved leverandør av hjelpemiddel for sitjande alpint, akeutstyr, pulk og piggeutstyr.

Praktisk prøving av hjelpemidla.

Temadagen høver for både nybyrjarar og for dei med erfaring; kvalifiserte instruktørar hjelper til på det nivået som trengs i skitrekket!

Har du spørsmål om temadagen, kan du kontakta oss (sjå e-postadresse under).

asle.sande@nav.no eller yngve.thorsen@skiforbundet.no, tlf: 92 60 14 21

Direkte påmelding innan 6. februar på Nav Hjelpemiddelsentral si heimeside, [Kurspåmelding](#)

Terapeutar/ledsagarar må ha med seg eller leiga tenleg skiutstyr.

Brukarar som har eige utstyr, kan ta det med for eige bruk og evt. tilpassing!

Kafé/varmestove med servering.

Vi ber om at målgruppa/aktuelle deltakarar i kommunen vert informerte om kurset!

Denne invitasjonen vert berre sendt som e-post!

Med helsing

Asle Sande
Fysioterapeut/Nav Hjelpemiddelsentral

Yngve Thorsen
Sogn og Fjordane Skikrins

Kopi:

Yngve Thorsen, Sogn og Fjordane Skikrins